

Fastlegar i Noreg

Dykkar ref.:
Sakshandsamar: **JLU**
Vår ref.: **09/1070**
Dato: **20.02.2009**

Seineffektar av strålebehandling for Hodgkin lymfom - Tilrådd oppfølging i allmennpraksis

Hodgkin lymfom er ein sjeldan sjukdom i allmennpraksis. Frå å vera ein dødeleg sjukdom for 40-45 år sidan, har ein etter innføring av strålebehandling i kombinasjon med kjemoterapi oppnådd at dei fleste overlever.

Kunnskap om korleis det går med pasientar som har overlevd ein alvorlig sjukdom aukar på ei rekkje sjukdomsområde. Kreftforeininga publiserer 23. februar (på www.kreft.no) ein artikkel om seinverknader etter behandling for Hodgkin lymfom for pasientar behandla 10 – 30 år attende i tid. Artikkelen baserer seg på langtidsoppfølging av pasientar behandla i perioden 1983-2000 med Hodgkin lymfom. Oppfølginga skjedde ved Radiumhospitalet i perioden 1993 til 2007 og resultata vart presenterte i november 2008. Eit hovudfunn er at om lag 1/3 av dei undersøkte fekk progredierande endringar i hjarteklaffane i denne perioden (aorta- og mitralklaff).

I Noreg blei strålefeltet og stråledosen mot mediastinum redusert (1997) og det vart innført eit fast oppfølgingsprogram i tråd med internasjonale og nordiske retningslinjer (frå 2000). Grunnen til dette var at ein hadde empirisk kunnskap om at stråling mot brystregionen kunne påverke hjartet.

I tillegg er det kjent at pasientar som har fått strålebehandling mot halskar, har ein auka risiko for cerebrovaskulær sjukdom.

Dei regionale helseføretaka ønskjer å sikre seg at alle med Hodgkin lymfom får oppfølging. Tidlegare kreftpasientar som ikkje har vore til oppfølging ved spesialisthelsetenesta på lang tid, kan no kome for å søkje råd hjå fastlegen og for å drøfte sin situasjon. Spesialisthelsetenesta vil også ta eige initiativ for å følgje opp pasientgruppa.

Vi vil med dette gje informasjon til fastlegane slik at dei er fagleg budde når ein person tidlegare behandla for Hodgkin sjukdom kjem til konsultasjon. Kunnskap om seinverknader etter strålebehandling eller cellegift vil også vera relevant om den same personen er til konsultasjon i ein annan samanheng (andre symptom – uklart klinisk bilete m.v.)

Helsedirektoratet

Sakshandsamar Jon-Torgeir Lunke, tlf.: 24 16 35 81
Postboks 7000 St. Olavs plass, 0130 Oslo • Besøksadr: Universitetsgata 2 • Tlf.: 810 20 050
Faks: 24 16 30 01 • Org. nr.: 983 544 622 • postmottak@helsedir.no • www.helsedirektoratet.no

Personar med påviste seinskadar skal følgjast og observerast. Det er fyrst indikasjon for medisinsk og kirurgisk behandling ved symptomgjevande sjukdom.

Vi vil difor oppsummere og gje råd om følgjande:

- A) Personar med symptom som kan relaterast til seinskadar frå hjarte eller hjerne skal tilvisast sjukehus
- B) Tiltak frå fastlegen for personar som ikkje har symptom:
- Hå pasientar behandla for Hodgkin lymfom og andre maligne lymfom med stråling mot mediastinum viser nye forskingsresultat ein auka risiko for utvikling av hjartesyjukdom (klaffesyjukdom og kransåresjukdom). Risikoen for hjerneslag er også høgare hjå dei med strålebehandling mot halskar. Dette var ikkje kjent då den aktuelle behandlinga blei gitt, men er i dag ein kjend mogleg sideeffekt av slik behandling.
 - Vurder om symptom i form av tung pust, brystmerter ved fysisk belastning og nedsett fysisk yteevne kan ha samband med stråleskade. Ved atypiske symptom, ta konsekvensar av strålebehandling inn i vurderinga. Amaurosis fugax og TIA kan skuldast emboliar frå hjarte eller pga. seinskader i halskara.
 - Pasientar med slike symptom og som tenkjer det kan vera hjartesyjukdom, bør kontakta sin fastlege for nærare samtale og undersøking. Dersom legen er i tvil om det føreligg slik sjukdom eller ikkje, vil legen kunne senda tilvisning for hjarteundersøking.
 - Der pasienten ikkje har vore til etterkontroll dei siste fem åra (eller meir), tilvis pasienten til sjukehuset. Dei blir her vurderte med tanke på det ordnære oppfølgingsprogrammet som gjeld i dag.
 - Det er sannsynleg at også andre kreftpasientar (til dømes non - Hodgkin lymfom) med strålebehandling mot brystet kan kome i same situasjon som dei vi har nemnt over. Vi ber difor fastlegane om å ha dette i minnet når pasientar med ein slik bakgrunn kjem til konsultasjon.

Vi ber om at denne kunnskapen blir brukt som bakgrunnsinformasjon når pasientar med aktuell problemstilling melder seg på kontoret. Nærare opplysningar om dette finn du i referansane under.

Referansar:

- Norsk Elektronisk Legehåndbok; www.helsebiblioteket.no
- Allmennmedisin (Steinar Hunskaar (red.), 2003. Kap. 2.7: Pustevansker og kap. 3.5 Hjerte og kretsløp)
- Kreftforeininga; www.kreft.no
- Helsedirektoratet, Nasjonalt handlingsprogram med retningslinjer for diagnostikk, behandling og oppfølging av maligne lymfom (IS-1594) http://www.helsedirektoratet.no/publikasjoner/nasjonale_faglige_retningslinjer

Vennleg helsing

Bjørn Guldvog e.f.
assisterende direktør

Frode Forland
divisjonsdirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk

Kopi:
Helse- og omsorgsdepartementet
Noregs kommunar v/ kommuneoverlegen
Fylkesmennene i Noreg